

Radar

2016 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

32.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækkingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusoppplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Jüraté Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Vårrydding

Kvar vår vert gravplassane rydda og bar, kransar og lause gjenstandar tatt bort. Ryddinga startar 14.mars og vi ber om at det som ein ønsker å ta vare på vert tatt bort. Radøy Arbeidssenter utfører arbeidet. Kyrkjegardsvedtektene gjev høve til å ha lys og lykter på gravene, men desse må takast bort om sommaren saman med andre lause gjenstandar. Det hender at vi finn lause gjenstandar bak gravminnet, men ber om at ein tek desse med heim då dette skapar vanskar når vi skal slå om sommaren.

Feitetysdagfest



Tysdag 9. februar var den tradisjonelle festen for dei frivillige i kyrkja. Tema for dagen var å verta sett ved Helge Hitland. Som

vanleg var vi i Sæbø og det vart servert rømmegraut og kaker. Utan frivillige stoppar mange oppgåver i kyrkja og festen er er lita påskjønning som dei tilsette lagar til kvart år.

I år vart det to ekstra innslag som sette ein ekstra spiss på festen. Kyrkjeforeininga i Manger hadde kjøpt inn boka «Kyrkjefolk» av Egon Askvik som dei delte ut til dei frammøtte. Anna Gjerde som er ein av våre trufaste frivillige hadde stor dag og hadde med kvit dame til alle dei 60 frammøtte.

Festeavgifter for gravplassane

Saman med nabokommunane har vi i nokre år freista å harmonisera desse i regionen samstundes som vi ikkje bør ha for store årlege endringar i prisane. Meland har vore på linje med Radøy medan Lindås tidlegare har lagt lågare enn Radøy. Begge er no i ferd med å auka avgiftene meir opp mot dei andre kommunane rundt Bergen som Askøy, Fjell og Os. Prisane her er ein del høgare enn det som har vore vanleg i Nordhordland. Soknerådet vedtar avgiftene, men kommunestyret skal godkjenne dei endringane som vert gjort.

Det er ein friperiode på 20 år. Deretter kan alle graver fornyast inntil dei er 60 år. Etter 60 år må det søkjast soknerådet om å behalde gravstaden.

For 2016 vert avgiftene slik :

Festeavgift for grav, inntil 60 år	kr. 300 per år
Festeavgift for grav, over 60 år	kr. 600 per år
Reservasjon av gravstad, inntil 20 år	kr. 6 000.

Årsmøte

Møtet vert i år i Manger kyrkje søndag 13.mars etter gudstenesta. Det vert også servert middag/suppe i samband med møtet. Kollekt til dekning av måltidet.

Manger kyrkje

Kyrkja har vore stengt med unntak av gravferder og planlagte gudstenester når vinden ikkje har vore for sterk. Soknerådet har no opna for at også andre kyrkjelege handlingar som vielsar kan gå etter planen. Ein føresetnad er at det ikkje er meldt vindstyrke over 15m/s 1 døgn før vielsen. I så fall vil den verta flytta til ei anna kyrkje.

Alle ynskjer at sikringsarbeidet skal koma i gong så raskt som mogleg. Riksantikvaren har varsla at det må gjennomførast ein arkeologisk undersøkelse av området kring kyrkja før dei eventuelt godkjenner det planlagte sikringsarbeidet. Ein forundersøking skal etter planen gjennomførast i veke 9.



Audun Sylta
Dagleg leiar

Trusopplæringsaktivitetar våren 2016

Babysong - 15. april, kl. 11.00 i Hordabø kyrkje

Velkomen til babysong i Hordabø kyrkje. Gjennom song og rørslle vil du sjå kor mykje babyen din gleder seg over musikken, og over å vera saman med deg. Babyen likar nettopp stemma di! Me bruker blant anna balongar, farge tyll og såpeboblar. Alle er velkomne og songstemme er ikkje eit krav. Ta med lunsj til dei og dine slik at me har det sosialt etter songtimen.

Opplegg: Anna Karoline L. Bjelvin

På piano: Marit Nesse

Tid: 25 min

Dokketeater - 15. april, kl. 17.00 i Hordabø kyrkje

Gjennom samtale mellom foteljar og handdukka Pinneline vert barna teken med på ei reise i Bibelens skapelseshistorie. Gjennom forteljninga vert jorda berre meir og meir fargerik og levande. "Gud såg på alt Han hadde skapt, og sa: Dette er bra!"

Manus: Marit Nesse og Ragnhild Andvik

Opplegg: Marit Nesse og Anna Karoline L. Bjelvin

Speletid: 40 min

Tårnagenthelg - 16. og 17. april i Sæbø kyrkje

Har du nokon gong sett kyrkjetårnet innanfrå? Går du i 3.-klasse så har du sjansen no! Vi treng deg til å vera vid og løysa oppdrag og mysterier i Sæbø kyrkje! Difor ønsker vi alle 3.-klassingar velkomne til Tårnagenthelg i Sæbø kyrkje.

Agentmøtet laurdag starter kl.13 og held på til kl.16. Der vil agentane få utdelt agentbevis. Blant annet får de klatre heilt opp i kyrkjetårnet for å inspisere kyrkjeklokkene. Søndag treffest vi igjen kl.1030 til Tårnagentgudsteneste. Klarer de agentar å løysa alle mysteriene — så er det utlova dusør! Foreldre, sysken og vener er også invitert til gudstenesta.

Opplegg: Wilco Vogelaar

Tid: 13.00 - 16.00 plus gudsteneste på søndag



BARNAS SIDE



Fargelegg!

Læresveinane kasta ut garnet der Jesus sa, og fekk så mykje fisk at båten nesten sakk!



Bibel-quiz

Kor godt kan du bibelforteljingane? Test deg sjølv med desse spørsmåla. (Svara står opp ned nedst på sida.)

1. Kva heitte kona til Abraham?
2. Kva heitte broren til Moses?
3. Kva heitte kjempa som David sloss mot?
4. Kven var det som blei kasta i ein brønn og seld som slave av brørne sine?
5. Kva heitte gjetarguten som blei konge over Israel?
6. Kva heitte mora til døyparen Johannes?
7. Kva by vaks Jesus opp i?
8. Var læresveinane Peter og Andreas snikkarar eller fiskarar?
9. Kven sa «Eg er den gode gjetaren»?
10. Kven er faren til Jesus?

1. Sara, 2. Aron, 3. Gollat, 4. Josef, 5. David, 6. Elisabet, 7. Nasaret, 8. Fiskarar, 9. Jesus, 10. Gud.

Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD
= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016

I kriser er vatn kritisk

Aldri før har vi sett så mange store humanitære kriser på ein gong. Kirkens Nødhjelp er i katastrofen med reint vatn. No treng dei di hjelp.



Trass dårlege avlingar dette året, arbeider Dagne i åkeren for å førebu den tørre jorda på regnet han håpar vil kome. (Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)

Akkurat no er millionar av menneske ramma av katastrofar — verda over. Det siste året har Kirkens Nødhjelp gitt reint vatn til mellom anna flyktingar i Sør-Sudan, Nord-Irak og Syria, flomoffer i Malawi, tørkeramma i Etiopia og jordskjelvoffer i Nepal. I Etiopia har vêrfenomenet El Niño skapt den verste tørka på 30 år. Ifølgje etiopiske styresmakter vil 10,2 millionar vere trua av kritisk matmangel i 2016.

Meir enn halvparten av desse er born. 5, 8 millionar menneske er i akutt mangel på vatn.

Blant dei som er hardt ramma, er bøndene i Ankober-distriktet. 66-åringen Dagne i landsbyen Washa har sjeldan sett ei verre tørke gjennom sine 40 år som bonde.

– Eg har vore gjennom vanskelege periodar i livet mitt. Det har skjedd før at regnet ikkje har kome og vi har prøvd å overleve med det lille vi har. Men dette er noko av det vanskelegaste eg har opplevd. Kvar einaste dag må heile familien stå over måltid for å spare på maten, fortel nibarnsfaren.

Enorm mangel på vatn

Tørka har skapt enorm vassmangel, ubrukelege avlingar og utarma beitemarker. Bøndene mister dyra sine og dermed livsgrunnlaget sitt. Det lille regnet som har kome, har ikkje vore nok til å gi avlingar.

For å klare seg, må bøndene selje dyra som har overlevd så langt i tørka. Dei blir tvunge til å selje kyr som har sørge for verdifull melk til borna i familien. No har mange snart korkje dyr eller pengar igjen. Dagne håpar fortsatt på regn, men er uroa for korleis han skal klare å drive jorda utan oksane sine.

– Eksistensen vår avheng av dyra våre. Utan dei, blir det vanskeleg for oss å overleve. Eg veit ikkje kva eg skal gjere, seier Dagne fortvila.

Kirkens Nødhjelp er til stades i Ankober og fleire andre av dei verst ramma områda i Etiopia. Behova er akutte, og Kirkens Nødhjelp sørgjer for reint vatn og trygge sanitære forhold.

– Vi er i gang med nødhjelpsarbeidet og har allereie jobba førebyggjande i fleire månader. Men når omfanget er så stort, treng vi all den hjelpa vi kan få, seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp.

Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørgjer for reint vann og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagd. Samtidig jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar også med å påverke politikarar og andre beslutningstakarar til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 13.-15. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016 av stabelen. Dette er kyrkjelydenes eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammer. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen i Radøy, anten ved å stille som bøssebe-
rar eller med pengar i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.



Den knusktørre jorda gjer det umogleg å få avlingar som kan seljast vidare på marknaden. Det vesle som kan høstast inn, blir brukt som dyrefôr. (Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)

Misjon i Estland - en hjertesak for NMS



Saku Gospel syng på gudstjenesta. Foto: Magne Mølster

- Jeg er på gudstjeneste i et grønt gammelt bedehus, et hus jeg har sett bilde av mange ganger. Nå er jeg der! I Saku menighet utenfor Tallin i Estland. Landsstyrelser i NMS Øyvind Meling preker, misjonær Ave Mølster tolker og jeg lytter mens jeg kjenner på stemningen blant menighetsmedlemmene

I en bydel uten kirke, en bydel med over 9 000 mennesker, en bydel med mye fattigdom, en bydel med mange oppløste familier, en bydel der det grønne huset gir håp til unge og eldre om et verdig liv i fellesskap med Jesus og med kristne søsken. Jeg møter en levende menighet som er til stede for de som bor akkurat i denne bydelen, i dette landet.

En levende menighet

Nok en gang blir jeg følelsesmessig berørt av å få besøke arbeid som NMS støtter, denne gangen altså arbeid som er del av Europa-satsingen! Det er sterkt å høre kirkens historie bli fortalt, om kampen for tilværelsen under Sovjetstyre og om gleden og håpet for fremtiden. Engasjerte lokale medarbeidere som jobber sammen med dyktige NMS-misjonærer, det gir resultater! Menigheten i Saku vokser, optimisme rår.

Menigheten i Saku

Både unge og eldre finner veien til gudstjeneste, til søndagsskole og konfirmantundervisning. Her er konfirmantkullene mer sammensatt enn i Norge, de rommer mennesker fra tenårene og opp til pensjonister. Alle generasjoner trenger undervisning. Nå trenger menigheten mer plass, og de håper på å kunne bygge ny kirke. Men finansiering er en utfordring.

Gjensidig samarbeid

NMS har samarbeidet med den evangeliske lutherske kirken i Estland fra 2003. Det startet med ungdomsarbeid, men har videreutviklet seg til også å innebære støtte til menighetsutviklingsprosjekt. NMS U pleier nær kontakt med ungdomsorganisasjonen i den estiske kirken og NMS sitt nettverk for misjonale menigheter legger sin årlige konferanse til Estland dette året. Vi gleder oss over et gjensidig samarbeid som sprer kunnskap og inspirasjon på tvers av både kulturelle og geografiske grenser.

Du kan følge prosjektet vårt i Estland, og alle NMS sine prosjekt, ved å gå inn på nettsidene deira: www.nms.no

Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING

For siden | Bli giver | NMS i Norge | NMS i verden | Misjonstidende | Om oss | Ledige stillinger | Kontakt oss | Lærere | NMS U | Min side

Du er her: Forsiden > NMS i verden > Land > Europa > Prosjekter i Europa > Menighetsplanting Estland

Bli giver

Land

- Brasil
- Etiopia
- Europa
 - Prosjekter i Europa
 - Menighetsplanting i Frankrike
 - Menighetsplanting i Estland
 - Planting av ungdomsamenighet England
 - Ungdomsarbeid i Europa
 - Kirkebygg i Mustamäe Estland
 - Kirkebygg i Saku Estland
 - Aktuelt fra Europa
 - Om NMS i Europa
 - Matoppskrifter
 - Blogger/Europa
 - Kontaktadresser
- Japan
- Kamerun
- Kina
- Laos
- Madagaskar
- Mali
- Midtøsten
- Sør-Afrika
- Thailand

Prosjekter

Prosjektgitt

Misjonærer og etterlærte

Utveksling

Blogger

EUROPA

Info om Europa

Europas territorium fordeler seg på 45 suverene stater som anerkjennes både av hverandre og av FN.

Les mer her

Misjonærer i Europa

- Carvalho da Silva, Lucas
- Erhardt, Mariana
- Finstad, Brit Helen
- Fjeldstad, Elias Kvamme
- Granerud, Andreas
- Granerud, Jonunn Kjetil
- Hallen, Menete
- Hodne, Margrete
- Huso, Ingebjørg
- Lin, You-Shin
- Lodea, Gabriela
- Maertner, Priscila
- Mølster, Ave
- Mølster, Magne
- Olsen, Tommy-Andre
- Otragan, Sarah

Menighetsplanting i Estland

Prosjektnummer 634276

Under 20 prosent av befolkningen i Estland tilhører et kirkesamfunn. Derfor er vi med å bygge menigheter i Europas mest sekulariserte land.

> Aktuelt fra prosjektet > Blogger > Budskap-prosjekter

> Kontaktadresser

GI med avtalegrad > GI en gave nå >

BLI MED Å SPRE EVANGELIET I ESTLAND!

DETTE SKJER:

- Menighetsplanting og utvikling i menighetene i Mustamäe og Saku
- Døps- og konfirmasjonsopplæring
- Barne- ungdoms- og familiearbeid
- Ledertrening

Konfirmantar i Radøy sokn 2016

Manger kyrkje 30.04.2016 11:00

Hopland, Marius
Klausen, André Fresvik
Lervik, Daniel
Silva, Marco Alexandre Johnsen
Sævdal, Daniel Vestheim
Morken, Marte Ulvatn
Røyseth, Cecilie
Vågenes, Kristin

Manger kyrkje 30.04.2016 13:00

Morken, Simon Kolstad
Nøttveit, Simon
Soltveit, Gabriel Sylta
Vetås, Sebastian Morken
Dalland, Ingrid Træland
Floen, Caroline Steindal
Halland, Veronika
Myking, Lena Sætre
Myrtveit, Andrea Synnøve

Sæbø kyrkje 01.05.2016 11:00

Kallestad, Øyvind
Pedersen, Arian
Storheim, Nils Arne Heggernes
Thomassen, Preben Friis
Tjore, Emil Aakvaag
Valdersnes, Tobias Frotjold
Askeland, Julianne Steindal
Espenes, Karianne
Hovland, Malin Valdersnes
Knudsen, Therese Kløvtveit
Marås, Thilde Britu
Myksvoll, Gabrielle Amelia Konradsen
Odland, Maria Eikeseth
Øren, Karina Andersen

Emigrantkyrkja 07.05.2016 11:00

Mellingen, Mathias August
Gabrielli, Frida Soltveit
Haugland, Cornelia Hamre

Emigrantkyrkja 07.05.2016 13:00

Blommedal, Mathias
Mæland, Jonas Ramsvik
Skar, Simon
Ståløy, Sivert

Hordabø kyrkje 08.05.2016 11:00

Lindås, Tommy Erstad
Mjøs, Trygve
Rikstad, Marcus Sundt
Sæle, Daniel Lavik
Hovland, Ragnhild Valdersnes
Marøy, Elisabeth
Solheim, Mia Vågenes
Solheim, Marte Vågenes
Villanger, Lea Stevnebo

Hordabø kyrkje 08.05.2016 13:00

Rikstad, Oliver Emil
Soltvedt, Thomas Litleskare
Grindheim, Catalina
Haugland, Irmelinn Otterlei
Hella, Isabell Myking
Myking, Lise Vikøren
Nesbø, Malin Vetås
Nilsen, Maren Elise
Næss, Marita
Sundt, Julie Therese Namdal

Nytt frå damekoret

Radøy damekor hadde årsmøte torsdag 11.februar.

Karen Magrete Lervik takka av som leiar etter eitt år. Elin Irene Klausen vart vald som ny leiar for det komande året. I styret elles sit Geirunn Valdersnes (nest-leiar), Kristin Kleveland (VO-kontakt), Berit Kongestøl, Kristi Juvik Nybø og Karen Magrete Lervik. Koret øver kvar torsdag frå kl 1930-2130, for tida i Sæbø kyrkje. Kom gjerne på ei øving dersom du er interessert i å vera med!

FASTEAKSJONEN 2016 13.-15. MARS

Send **GAVE** på
sms til **2426** (200 kr)
eller benytt
kontonummer
1594 22 87493



Neste nummer av Radar kjem ut til sommaren.

Frist for innsending av stoff er 1.juni.

Er det ting du gjerne vil lesa om i bladet, eller har du eit innlegg eller bilete du vil dele med andre? Skriv gjerne ein epost til organist@radoysokn.no eller gr-lunde@online.no

Familiennytt



Døypte

Døde



Seremonidato

29.11.2015 Meline Blom Breistein
 06.12.2015 Patrik Taule Bøe
 06.12.2015 Marielle Manger
 10.01.2016 Oline Marøy Sætre
 24.01.2016 Josefine Vaktstjold Hamre
 31.01.2016 Helene Marøy Ervik
 31.01.2016 Martine Nordanger
 31.01.2016 Tale Pedersen Grindheim
 31.01.2016 Silje Namdal Tonning
 07.02.2016 Kaja Nordanger
 21.02.2016 Meline Sofie Odland

Seremonidato

01.12.2015 Marta Astrid Bruås
 04.12.2015 Borgny Berge
 11.12.2015 Svanhild Grindheim
 05.01.2016 Rita Valdersnes
 08.01.2016 Jone Rasmus Hovland
 19.01.2016 Solveig Villanger
 19.01.2016 Birgit Kamilla Birkeland
 29.01.2016 Sigrid Anbjørg Thompson
 29.01.2016 Magnus Andreas Nyhamn
 05.02.2016 Randi Kallekleiv
 19.02.2016 Valgjerd Kirsten Andresen
 23.02.2016 Einar Helge Rikstad
 23.02.2016 Birger Bertin Klausen

Vigde

Seremonidato

27.11.2015 Jorunn Alise Birkeland og
 Norvald Johan Elvik

Korleis har du det egentleg?

Kirkens SOS
 815 33 300
 www.kirkens-sos.no



KAFFEKROKEN



Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
22.11 Siste søndag i kyrkjeåret	Stefanusalliansen	1921
29.11 1.sundag i adventstida	Trusopplæring i Radøy	2637
06.12 2.sundag i adventstida	KRIK	2277
20.12 4.sundag i adventstida	Blå kors Norge	1270
24.12 julaftan	Kirkens Nødhjelp (4 offer)	28797
25.12 1.juledag	Det Norske Misjonsselskap	2083
01.01 nyårsdag	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet	1304
10.01 2.sundag i openberringstida	Maritastiftelsen	1404
17.01 3.sundag i openberringstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	3701
24.01 Såmannssundagen	Det Norske Bibelselskap	2257
31.01 Kristi forklaringsdag	Himalpartner	3231
07.02 Fastelavnssundag	Kirkens Bymisjon	2257


	Sum 2015	Hittil i 2016
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	14216,00	0,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	33318,00	0,00
Offer til andre organisasjonar:	117424,00	14154,00



facebook.com/
radoysokn



twitter.com/
radoysokn



Elektronisk bestilling av dåp

Visste du at du no kan bestille dåp i Radøy sokn via nettstaden vår? Du slepp dermed å vente på at kyrkjekontoret er opent og kan velja fritt blant ledige dåpsgudstenester. Besøk oss på www.kirken.no/radoy og klikk på "Dåp"!



Gjevarteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

Støtt trusopplæringsarbeidet blant barn og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!



JA TAKK! Eg ynskjer å gje gåva mi på kr _____ per måned og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk.

Navn på banken:

Mottakar	Mottakar sitt kontonummer	
Radøy sokn	3636 07 04682	

Trekk frå mitt kontonummer:
Summen vert trekt den 20.kvar måned

Personnummer, 11 siffer	<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag	
Namn	
Adresse	
Postnummer og stad	
Underskrift	
Stad og dato	

Etter Personopplysingslova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til domes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

Ferdig utfylt skjema skal sendast til

Radøy sokn
Idrettsvegen 1
5936 Manger



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



Nordhordland Begravelsesbyrå as
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no



Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20



Manger Senter
07-23 (09-21) 5637 2255



KVALHEIM EIENDOM AS
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no

Vatne Begravelsesbyrå
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-
sidene våre:
[kirken.no/
radoy](http://kirken.no/radoy)

28.02 3. søndag i fastetida	11:00	Manger Kyrkje	Offer til Kirkens Fængselsarbeid
06.03 4. søndag i fastetida	11:00	Hordabø Kyrkje	Offer til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)
13.03 Maria bodskapsdag	11:00	Manger Kyrkje	Offer til Amatheia
20.03 Palmesundag	11:00	Sæbø Kyrkje	Offer til Den Norske Israelsmisjon
24.03 Skjærtorsdag	19:00	Manger Kyrkje	Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin
25.03 Langfredag	19:00	Manger Kyrkje	
27.03 Påskedag	11:00	Manger Kyrkje	Offer til Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
03.04 2. søndag i påsketida	11:00	Hordabø Kyrkje	Offer til Haraldsplass Samtalesenter
10.04 3. søndag i påsketida	19:00	Manger Kyrkje	Offer til Familie og medier
17.04 4. søndag i påsketida	11:00	Sæbø Kyrkje	Offer til Det Teologiske Menighetsfakultet
24.04 5. søndag i påsketida	11:00	Manger Kyrkje	
30.04 Laurdag	11:00	Manger Kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Trusopplæring i Radøy
30.04 Laurdag	13:00	Manger Kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Trusopplæring i Radøy
01.05 1. mai	11:00	Sæbø Kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn
05.05 Helgetorsdag	11:00	Solendfjellet	Friluftsgudsteneste
07.05 Laurdag	11:00	Emigrantkyrkja	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Trusopplæring i Radøy
07.05 Laurdag	13:00	Emigrantkyrkja	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Trusopplæring i Radøy
08.05 Sondag før pinse	11:00	Hordabø Kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Trusopplæring i Radøy
08.05 Sondag før pinse	13:00	Hordabø Kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
			Offer til Trusopplæring i Radøy
15.05 Pinsedag	11:00	Hordabø Kyrkje	Offer til Institutt for Sjelesorg
16.05 2. pinsedag	13:00	“Katedralen” på Bø	
17.05 17. mai	10:00	Manger Kyrkje	Offer til Kirkens Nødhjelp
17.05 17. mai	11:00	Sæbø Kyrkje	Offer til Kirkens Nødhjelp
17.05 17. mai	11:15	Hordabø Kyrkje	Offer til Kirkens Nødhjelp
17.05 17. mai	12:30	Emigrantkyrkja	Offer til Kirkens Nødhjelp
22.05 Treeiningssundag	11:00	Manger Kyrkje	Offer til Trusopplæring i Radøy
29.05 2. søndag i treeiningstida	11:00	Tjorehagen	Offer til Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
05.06 3. søndag i treeiningstida	11:00	Manger Kyrkje	Offer til Changemaker
12.06 4. søndag i treeiningstida	11:00	Hordabø Kyrkje	Offer til Blå Kors Norge
19.06 5. søndag i treeiningstida	11:00	Manger Kyrkje	Offer til Trusopplæring i Radøy

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”*

Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.

Redaksjon: Grethe Lunde, J. William Kay

Utforming: J. William Kay • E-post: kontor@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knavik

Bilete: © Kirkerådet, Willem Vogelaar, Pixabay (framside).



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

